



Arkivsak 201209283-1
Arkivnr. 814
Saksh. Midtgård, Bjørn Inge

| Saksgang | Møtedato |
|--------------------|-------------------------|
| Samferdselsutvalet | 14.11.2012 |
| Fylkesutvalet | 21.11.2012 - 22.11.2012 |

SØKNAD OM FINANSIERINGSBIDRAG TIL PROSJEKTET STAD SKIPSTUNNEL

SAMANDRAG

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 25.10.2012 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel. Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. I Hordaland er det ved fleire høve blitt gjeve brei fylkespolitisk støtte til prosjektet.

Fylkesrådmannen viser til at søknaden om støtte er sendt inn ved utløpet av 2012. Fylkesrådmannen legg til grunn at slik prosjektstøtte bør løyvast i forkant av planlagte aktivitetar og tiltak. Eg rår derfor til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 100 000,- i 2013. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2013.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2013.

Paul M. Nilsen
Fylkesrådmann

Anne Iren Fagerbakke
Samferdselssjef

Vedlegg:

1. Søknad om finansieringsbidrag, frå Prosjektgruppa for Stad skipstunnel, 25.10.2012
2. Stad skipstunnel, Sintef Bedriftsutvikling 13.6.2012
3. Prosjekt Stad skipstunnel, versjon 14.9.2012

FYLKESRÅDMANNEN, 8.11.2012:

Bakgrunn

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 25.10.2012 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel.

Om Stad skipstunnel

Det er planlagt ein 1,7 km. lang tunneltrase for skipsfart der halvøya på Stadlandet er smalast, mellom Kjødipollen og Moldefjorden. Det er to tunneldimensjonar som er aktuelle¹:



- Stor tunnel med breidde på 36 meter og høgde frå botn til topp på 49 meter. Pris for stor tunnel er rekna til 1,6 mrd. kr
- Liten tunnel med breidde på 27 meter og høgde frå botn til topp på 38 meter. Pris for liten tunnel er rekna til ca. 1,2 mrd.

Om Prosjektgruppa for Stad skipstunnel

Kommunane Vågsøy, Selje og Vannylven er prosjekteigarar og det er etablert ein prosjektorganisasjon (sjå vedlegg 3). Prosjektet har som mål å marknadsføra Stad skipstunnel inn mot sentrale beslutningstakarar, som eit nasjonalt prosjekt. Målsetjinga er å få Stad skipstunnel inn i første 4-års periode av NTP (2014 – 2023).

Frå søknaden

Prosjektgruppa søker om kr. 100 000,- i finansieringsbidrag frå Hordaland fylkeskommune til Prosjekt Stad skipstunnel for 2012 og ber om signal om at fylkeskommunen også ønskjer å bidra i 2013. (vedlegg 1). Prosjektgruppa budsjetterer med kr. 100 00,- frå HFK i 2012 - men ikkje med noko beløp frå HFK i 2013 (vedlegg 3).

Planstatus for Stad skipstunnel

Stad skipstunnel er omtalt i Nasjonal transportplan 2010–2019. Regjeringa har innanfor planramma teke høgde for eventuell byggestart i siste halvdel av planperioden, føreset at prosjektet har tilstrekkeleg samfunnsmessig nytte, og at regjeringa vedtek å gå vidare med prosjektet. I NTP framlegget 2014 - 2023 (s.155) vart det vist til at prosjektet skulle gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS1) og var derfor ikkje teke med i etatane sitt planforslag.

Rapporten «KS1 Stad skipstunnel Samfunnsøkonomisk analyse»² låg føre i mars 2012. I rapporten er kostnadene ved prosjektet rekna å vera større enn nytten av prissette nyttekomponentar. Differansen mellom kostnader og prissette nyttekomponentar er rekna til 390 millionar kroner for liten tunnel og 910 millionar kroner for stor tunnel. Det er ein del usikre faktorar i utrekningane. I tillegg kjem dei ikkje prissette faktorane som auka utanlandsk turisme, auka tryggleik ved passering av Stad, verdien av overføring av trafikk frå veg til sjø, positive effektar for fiskenæringa og andre næringseffektar (utover nyskapt pendling og arbeidsreiser med snøggbåt).

Sintef Bedriftsutvikling har sommaren 2012, på oppdrag frå Prosjektgruppa for Stad skipstunnel, rekna på dei ikkje prissette faktorane frå KS1 rapporten (vedlegg 2). Sintef Bedriftsutvikling

¹ KVVU for Stad skipstunnel - sjå: <http://www.kystverket.no/PageFiles/7702/KonseptvalutgreiingStad.pdf>

² KS1 Stad skipstunnel- Samfunnsøkonomisk analyse – sjå: <http://www.regjeringen.no/upload/FKD/KS1Stad2012/Vedlegg4.pdf>

konkluderer med at det er «*overveiende sannsynlig at Stad skipstunnel vil ha positiv samfunnsøkonomisk nytte*». I St.prp. nr. 1 2012 – 2013, står det at regjeringa vil koma tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Fylkesrådmannen sine merknader

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. I Hordaland er det ved fleire høve blitt gjeve brei fylkespolitisk støtte til prosjektet. Vestlandsrådet gav 10.5.2012 slik uttale til forslaget til NTP 2014 – 2023, om Stad skipstunnel:

«For sikker og effektiv sjøtransport langs norskekysten er Stad skipstunnel eit viktig prosjekt. Vestlandsrådet meiner at Stad skipstunnel må prioriterast i NTP 2014- 2023 som eit nasjonalt prosjekt.»

Fylkesrådmannen viser til at søknaden om støtte for er sendt inn ved utløpet av 2012. Fylkesrådmannen legg til grunn at slik prosjektstøtte bør løyvas i forkant av planlagte aktivitetar og tiltak. Eg rår derfor til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 100 000,- i 2013. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2013.